

Vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Osterøy kommune

Revidert og gjeldande frå 01.08.2023

Eigartilhøve og lovverk

Osterøy kommune er eigar av dei kommunale skulefritidsordningane. Ordningane er drivne med heimel i Opplæringslova § 13-7 samt dei til ei kvar tid gjeldande kommunale planar og vedtekter.

Formål

SFO er eit frivillig omsorgs- og fritidstilbod før og etter skuletid for born på 1.-4. årstrinn, og for born med særskilde behov på 1.-7. årstrinn (jf. Opplæringslova § 13-7). SFO har som mål å gje barna tilsyn og omsorg. Verdigrunnlaget til SFO skal byggje praksisen sin på grunnleggjande verdiar som kjem til uttrykk i formålsparagrafen i Opplæringslova § 1 og Rammeplan for SFO.

Opptaksmynde og opptakskriterium

Alle barn på 1.-4. trinn som søker innan søknadsfristen for hovudopptaket vil få plass i SFO.

Barn med særskilde behov på 5.-7. trinn vil kunna bli tildelt plass etter ei nærare vurdering.

Barn som flyttar internt i kommunen og som har plass på SFO, skal få tilbod om plass i SFO ved den skulen dei flyttar til.

Alle barn på 1. og 2. trinn har rett til 12 timar SFO i veka gratis, i feriar betyr dette inntil 2 dagar per veke. Påmeldingsplikt gjeld. Osterøy kommune tek for 2. trinn forbehold om at gratis 12 timer SFO vert innført.

Gratistilbodet er fordelt mellom tida før skulen startar om morgonen, og etter skuletid. Oversikt på gratis opphaldstid på den einskilde skule finn du på heimesidene til Osterøy kommune.

Det er rektor som er ansvarleg for opptaket.

Opptaksperiode og oppseiing av plass på skulefritidsordninga

Søknad, oppseiing og endring av plass må skje elektronisk via [heimesida til kommunen](#).

Hovudopptak for hausten: søknadsfrist er 1.mars (unntak: 30. mars i 2023).

Fortløpande opptak kan skje gjennom året om bemanning og lokalitetar tillèt det. Dersom det er plass, vil ein få oppstartsdato i løpet av 3 månader.

Tildelinga av plass gjeld frå startdato til og med 4.trinn, eller til plassen vert sagt opp.

Barn som har fått plass på grunn av særskilde behov frå 5.trinn, har plassen til og med 7.trinn, eller til plassen vert sagt opp.

Oppseiing av plass:

- Frist for oppseiing og endring av plass er ein måned rekna frå den 1. i påfølgjande måned. Ved oppseiing etter 1.april må ein betala til og med juni måned.

- Det er ynskjeleg at barn som skal slutte på SFO ved oppstart av nytt skuleår, seier opp innan 1. april.

Oppseiing av plass gjeld for heile tilbodet i SFO, også tilboda som blir gjennomført i feriar.

Ved flytting frå kommunen har barnet ikkje rett på plass ved SFO og plassen vert sagt opp.

Opningstider, planleggingsdagar og ferie

- Opningstida er i tidsrommet før og etter skuletid 07:30-16:30.
- Opningstidene for tilbod om SFO i feriane er kl. 0730 -**1600**.
- Det er tilbod om SFO i følgjande feriar: haust-, vinterferie og delar av sommarferien.
- SFO-året byrjar 1.august og sluttar 30.juni. SFO er stengd i juli.

Dato for planleggingsdagane er fastsett i gjeldande skulerute for kommunen. Planleggingsdagane i SFO er samanfallande med skulen sine planleggingsdagar.

August-ferietilbodet blir organisert lokalt på kvar einskild skule.

Ferietilbodet i juni, haust- og vinterferie vert lagt til Lonevåg skule.

- Dersom det er påmeldt fleire enn 60 born, vil det bli tatt ei vurdering om Valestrand skule skal gje eit ekstra tilbod.
- SFO- personalet på Lonevåg og frå dei andre skulane vil bemanna dette tilbodet. Administrasjon av dette tilbodet blir gjort av SFO- leiarane på Lonevåg- og Valestrand, i samarbeid med SFO – leiarar på Haus skule og Fotlandsvåg skule.

Det er krav om påmelding til SFO i feriar.

Påmeldingsfrist er følgjande:

- *Haustferie: 15.september*
- *Vinterferie: 31.januar*
- *Sommar-SFO i juni: 15. april.*
- *Sommar-SFO i august: 15. mai.*

Påmeldinga er bindande. Påmelding til SFO i feriane skjer på eige skjema, som ein får tilsendt på mail/ mobiltelefon.

Foreldrebetaling for SFO-plass og mat

- 11 månaders plass: Fakturering skjer frå og med august til og med juni.
- 10 månaders plass: Fakturering frå og med september til og med juni.
- Matpengar vert sendt på faktura samstundes med faktura for plassen.

Det blir servert eit måltid kvar ettermiddag. Førsette gjer direkte avtale med lokal SFO kor mange dagar per veke ein ynskjer å ha mattilbod. Tilbodet er valfritt. Mat satsen er lik for 10 og 11 månaders plass.

Opphaldstider		Per måned
Gr.1	Korttidsplass 1-9 t/v	Kr. 2000
Gr.2	Halv plass 9-15 t/v	Kr. 2400
Gr.3	Heil plass 15 t/v Satsen gjeld òg for august for barn med 11 månaders plass, 3. og 4. trinn.	Kr. 2900
Gr.4	1. og 2.trinn: 12-timars gratis tilbod 1. og 2. trinn som skal ha fleire timar enn 12 per veke (med forbehold om endeleg politisk behandling på nasjonalt nivå for 2. trinn.)	Kr. 0 Kr. 1000
Dag sats		Kr. 400
Sats enkelttimar		Kr. 100
Gebyr ved sein henting		Kr. 300
Måltid på SFO – eit måltid kvar dag		
1-3 dagar per veke		Kr. 200
4-5 dagar per veke		Kr. 300

Om dag sats og enkelttimar – frist til å melde behov er ei veke før

- Dag sats er gjeldande for dei som har halv- eller korttidsplass på SFO, men skal ikkje nyttast som ei fast ordning. Til dømes kan ein kjøpe ekstra dagar i haustferien.
- Påmeldingsfrist for å nytte dette tilbodet er veka før ein har behov. Dei føresette må avklara med lokal SFO- leiar om det er mogleg å nytta tilbodet. For enkeltdagar i ferien gjeld påmeldingsfristane.
- Den lokale SFO- leieren må gjere ei vurdering om bemanning og lokalitetar tillèt det.

Alle aktivitetar, òg heildagsturar i ferie, skal vera gratis og tilgjengeleg for alle born i SFO som nyttar/ er påmeldt på tilbodet.

Manglande betaling og for sein henting kan føra til tap av SFO-plass.

Plassen kan seiast opp av kommunen ved vesentleg misleghald av betaling. Før eventuell oppseiing skal føresette få ei skriftleg melding for å få moglegheit til å rette opp i forholdet. Oppseiing av plass i SFO kan skje med ein månads varsel ved vesentleg misleghald av foreldrebetaling. I vesentleg mislighald legg ein tre månaders uteståande betaling.

Endringar i prisar

Foreldrebetaling vert fastsett av Heradsstyret i samband med den årlege budsjetthandsaminga. Berekninga skjer etter sjølvkostprinsippet med utgangspunkt i § 13-7 i Opplæringslova. Prisauke skal varslast 1 måned på førehand.

Moderasjonsordning

Det er mogleg å søka reduksjon i foreldrebetalinga for SFO 1. – 4. årstrinn.

Årleg foreldrebetaling i SFO for eleven skal ikkje utgjera meir enn 6% av inntekta til hushaldet.

Det kan også gjerast ei vurdering dersom hushaldet har ein varig nedgang i inntekter til hushaldninga i inneverande år som leiar til at utgiftene til SFO for eit skuleår vil overstiga 6% av inntektene til hushaldninga. Sjå [kommunen sine heimesider](#) for meir informasjon.

Leike- og opphaldsareal

Skulefritidsordninga har skulen som lokasjon. Borna i SFO nyttar skulen sine leikeområde og leikeutstyr. Kvar skulefritidsordning definerer sine uteområde utifrå dei lokale forholda.

Bygg og uteområde skal vera godkjente i h.h.t. miljøretta helsevern. Skulefritidsordninga er ein del av skulen sitt helse, miljø og tryggleiksansvar.

Føresegn i Barnekonvensjonen artikkel12 og kapittel 9A i opplæringslova er gjeldande for skulefritidsordninga, jf. § 9A- 1. Etter § 9A- 2 har alle elevar rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Lokal bemanning og leiing

Det skal som regel ikkje vera meir enn 15 barn pr. tilsett. Bemanninga kan styrkast ytterlegare for å ivareta barn med behov for særskild oppfølging, dette i tråd med sakkunnig vurdering.

Rektor er administrativt, økonomisk og fagleg ansvarleg for drift av den einskilde ordninga innanfor rammer som er satt av lov, forskrifter, vedtekter og budsjett. Skulefritidsordninga skal ha eigen leiar, SFO-leiar, dersom det er fleire enn 23 barn. SFO-leiar får delegert mynde frå einingsleiar til administrasjon av skulefritidsordninga, fagleg utvikling og dagleg personaloppfølging, og er ein del av skulen sitt leiarteam.

Kompetansekrav til SFO-leiar i full stilling skal ved nyttilsetting vere minimum 3-årig pedagogisk høgskule/universitetsutdanning. I dei andre stillingsheimlane skal det, så langt som råd, tilsetjast fagarbeidarar i barne- og ungdomsarbeidarfaget. Tilsette med anna relevant utdanning og/eller realkompetanse, vil også vera aktuelle.

Foreldremedverknad og Samarbeidsutvalet

Samarbeidsutvalet på skulen er styre for skulefritidsordninga.

SFO- leiar har møte- og talerett i samarbeidsutvalet ved skulen i saker som gjeld skulefritidsordninga. Det skal i samarbeid utarbeidast rutinar og arbeidsformer som gjer borna og føresette medverknad på innhald, organisering og rutinar for drift, her under lokale vedtekter.

Foreldre til barn i SFO skal også være representert i skulen sitt foreldreråd (FAU) som også er foreldreråd for SFO. Det skal veljast foreldrerepresentantar på lik linje med ein vanleg klasse. Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) skal då utvidast med ein representant frå skulefritidsordninga, eller ein av klassekontaktane på 1.-4. steget kan ha dobbel funksjon. Kravet då er at foreldrerepresentanten med dobbel funksjon har born i SFO. Dersom foreldrerepresentanten har dobbel funksjon, har den også dobbel stemme.

Tilsynsmynde

Statsforvaltaren i Vestland fører tilsyn med skulefritidsordninga.

Forsikring

Elevane har kollektiv ulukkesforsikring i den tida dei er i skulen/SFO, samt på direkte veg til og frå skulen/SFO. Skulen/SFO er ikkje erstatningspliktig for klede, sko, briller eller gjenstandar barna har med seg eller som vert borte/øydela i skule/SFO si opningstid.

Politiattest, teieplikt og opplysningsplikt

Alle som skal tilsetjast i skulefritidsordninga, må legge fram politiattest som syner om han eller ho er sikta, tiltalt eller dømt for seksuelle overgrep mot born.

Dei som har sitt virke i skulefritidsordninga, har teieplikt etter reglane om teieplikt i forvaltingslova § 13 til 13 f.

Tilsette i SFO har meldeplikt og opplysningsplikt ovanfor barneverntenesta, jf. Lov om barneverntjenester §§ 4-10, 4-11 og 4-12 og Opplæringslova §§ 15-3, 15-4.

Skyss

Barn har som hovudregel ikkje rett til skyss til og frå skulefritidsordninga. Dette gjeld sjølv om barnet har rett til skyss til og frå skulen.

Klagerett

Klage på enkeltvedtak (opptak, oppseiing, endring av opphaldstida) kan påklagas etter Forvaltningslova kapittel VI. Eventuell klage blir å sende til skulen. Klagefrist er 3 veker. Endeleg klageinstans på vedtaket skal sendast til Osterøy kommune v/Tenesteleiar skule

Vedtektene vart vedteke av Heradsstyre i oktober 2022.

Satsar for 2.trinn er justert i tråd med statsbudsjettet for 2023. Osterøy kommune tek forbehold om at regjeringa gjer eit endeleg positiv vedtak om 12 timar gratis SFO for 2. trinn. Dersom det ikkje vert gjennomført, vil reglane for 3. og 4. trinn gjelde for 2. trinn.